



Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 01.06.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09.00 - 12.00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
043/2017	Region Nordhordland Helsehus - utvida ramme for låneopptak

29. mai 2017

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 037	14/240

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/2017	Formannskapet	PS	01.06.2017

Region Nordhordland Helsehus - utvida ramme for låneopptak

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med bakgrunn i samrøystes vedtak i Representantskapet for Region Nordhordland Helsehus IKS vert det fremja sak for eigarkommunane om at låneramma vert auka frå kr 450 mil kr til kr 640 mill. med påfølgjande endringar i selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS.

Vurdering

Bakgrunn for utvida låneopptak finn ein i vedlagte saksdokument samt at dette seinast vart gjort greie for på Nordhordlandstinget måndag 15. mai d.å.

Eit samrøystes Representantskap gjorde dette vedtaket onsdag 24. mai 2017:

«Representantskapet ber styret i Region Nordhordland Helsehus IKS fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane».

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Modalen sluttar seg til framlegget.

Vedlegg:

Selskapsavtale Helsehus - forslag revidert juni 2017

Utvida låneramme - Region Nordhordland Helsehus

Protokoll 1-2017 Representantskap RNHI 24. mai